

**Fra:** Trine Pettersen Grønbech (Trine.Gronbech@vaksdal.kommune.no)

**Sendt:** 14.05.2018 15:12:31

**Til:** Guro Klyve

**Kopi:**

**Emne:** SV: Dalekvam tannklinikk - oppseiing av leigeforhold

**Vedlegg:** image002.jpg;image003.png

Hei

Det er motteke

Me tykkjer sjølvsagt at det er leit men må samstundes takke for eit langvarig leigeforhold og eit godt tilbod på Dale. Me held kontakten ei tid til og det er me glade for. Så skal me ynskje lukke te med vegen vidare.



Med venleg helsing

**Trine Grønbech**

Rådmann

Tlf. kontor 56 59 44 00 / mobil 922 54 269

Vaksdal kommune / Konsul Jepsensgate 16 / 5722 Dalekvam  
[www.vaksdal.kommune.no](http://www.vaksdal.kommune.no)

---

**Fra:** Guro Klyve [mailto:Guro.Klyve@hfk.no]

**Sendt:** fredag 11. mai 2018 12:36

**Til:** Trine Pettersen Grønbech

**Kopi:** Arne Åsan

**Emne:** Dalekvam tannklinikk - oppseiing av leigeforhold

Hei.

Mellom Vaksdal kommune og Hordaland fylkeskommune vart det i 1984 inngått avtale om leige av lokale til tannklinikk. Sjå vedlegg.

Avtalen gjeld frå 01.01.1984 med ein gjensidig oppseiingsfrist på 2 år.

Det følgjer av klinikkstrukturplanen for tannhelsetenesta i Hordaland at Dalekvam tannklinikk skal leggjast ned når ny tannklinikk i Indre Arna er ferdig.

Hordaland fylkeskommune har no forhandla fram ein leigeavtale for lokale til ny tannklinikk i Indre Arna. Leigeavtalen vil om kort tid verte lagt fram for politikarane for godkjenning ( i fylkesutvalet).

Ut fra dei opplysningane vi har no, og under føresetnad av at leigeavtalen vert godkjent, vil den nye tannklinikken vere ferdig

om ca 1 år frå no. Med dette atterhaldet seier vi no opp leigeavtalen.

Vi vil kome tilbake med ny informasjon når saka er ferdig handsama i fylkesutvalet.

Som nevnt er oppseiingsfristen 2 år, og dersom den nye klinikken er klar i mai til neste år, vil vi ikkje ha behov for å bruke lokala det siste året i oppseiingstida. Vi ønskjer derfor å diskutere moglegheita for å kunne avslutte leigeforholdet tidlegare enn det som følgjer av avtalen frå 1984.

Med helsing

Guro Klyve  
Leiar forvaltning  
Eigedomsavdelinga



Tlf: 55 23 95 13 / 98 21 22 67

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)